




Foreldreutvalet
for barnehagar

Foreldreråd og samarbeidsutval i barnehage

Tips og råd til foreldre, tilsette og styrarar





Innhald

4

Lovverket

5

FUB anbefaler

6

Foreldrerådet

7

Samarbeidsutvalet

8

FAU

10


Vedtekter

14

Saker

15

Tips



Lovverket

Samarbeidet mellom heim og barnehage er nedfelt i barnehagelova:

§ 1: FORMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og samarbeid med heimen sørge for at barna får dekt behova sine for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

§ 4: FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre samarbeidet med heimane til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og samarbeidsutval.

Foreldrerådet, som består av foreldra til alle barna, skal fremje dei felles interessene til foreldre og barn og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Dersom det i forskrift etter § 15 er sett ei øvre grense for foreldrebetaling, er det berre foreldrerådet som kan samtykke til foreldrebetaling utover dette.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Foreldre og tilsette i barnehagen vil vere likt representerte i utvalet. Eigar av barnehagen kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Barnehageeigaren skal sjå til at viktige saker blir lagde fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.



FUB anbefaler

Når eit barn byrjar i barnehagen, er det ein stor overgang både for foreldra og barnet. Dermed er det berre naturleg at foreldra er mest opptekne av sitt eige barn den første tida. Foreldra skal vere ein likeverdig og aktiv samarbeidspartner for barnehagen. Dette krev at foreldra allereie ved oppstart i barnehagen får god informasjon om rettane og ansvaret dei har i foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Foreldreutvalet for barnehagar, FUB, har laga to informasjonsfilmar. Éin film kan brukast på foreldremøte og éin film kan brukast som opplæring i SU. Desse filmane gir foreldra god informasjon.

Gode rammer

Gode rammer for arbeidet i foreldrerådet og samarbeidsutvalet er ein føresetnad for å skape engasjement og aktivitet. Her er døme på tiltak som kan vere med på å gi arbeidet struktur:

- Vedtekter for foreldrerådet og samarbeidsutval
- Årshjul med faste saker
- Møteplan for heile året blir sett opp på første møte
- Tenk gjerne på at samansettningen i ulike fora bør vere variert når det gjeld til dømes kva interesser, bakgrunn, tilhøyrslle, bustad og erfaring foreldra har
- Møteregrlar
- Saksgang:

Foreldreråd > FAU > Samarbeidsutval > Eigar

I kommunale barnehagar:
Administrasjon > politisk styre

I private barnehagar:
Eigar/selskap/organisasjon

Skap eit godt samarbeidsklima ved å vere opne og vise tillit til kvarandre. Etabler gode rutinar for behandling av saker og handtering av klager.

Foreldrerådet

Kva er foreldrerådet?

- Eit lovbestemt utval med alle foreldra i barnehagen.
- Eit råd som vel representantar til SU.
- Eit råd som vel FAU-representantar viss barnehagen har dette.
- Eit råd som består av foreldra til alle barna, og som skal fremje deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Kva gjør foreldrerådet?

- Foreldrerådet bør ha vedtekter for kva det skal ha ansvar for og mandat til i barnehagen.
- Rådet diskuterer saker som er melde inn frå SU. Når saka er diskutert, blir innspela tekne med tilbake til SU.
- Berre foreldrerådet kan samtykke i ei foreldre-betaling utover makspris (§15 i barnehagelova).

Kva gjør styrar?

- Styrar informerer foreldra i barnehagen om kva eit foreldreråd er og kva vedtekter som gjeld.
- Styrar kan delta og leggje fram sakene som skal diskuterast, slik at foreldra får godt innsyn i dei aktuelle sakene.
- Barnehageeigar skal sjå til at viktige saker blir lagde fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.
- Styrar legg til rette for møte.

Samarbeidsutvalet (SU)

Kva er SU?

- Eit lovbestemt utval med like mange tilsette som foreldre.
- SU er eit rådgivande, kontakt-skapande og samordnande organ.
- Foreldra i SU blir valde av foreldrerådet.
- Representantane i SU har teieplikt.

Kva gjør SU?

- SU bør ha eigne vedtekter som slår fast kva SU skal gjere i barnehagen.
- SU behandler saker som er melde inn frå foreldrerådet, personalet og styrar.
- SU godkjenner årsplanen for barnehagen. Sjå barnehagelova § 2, siste avsnitt.
- SU skjøttar samarbeidet mellom foreldre og barnehage.
- SU uttaler seg i saker der barnehagen behandler ein søknad om dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning. Sjå §3 i barnehagelova.

Kva gjør styrar?

- Styrar gir informasjon til foreldra om kva SU er.
- Styrar gir SU-medlemane opplæring i kva arbeidet i SU inneber (her kan ein gjerne nytte informasjonsfilmen som FUB har laga om SU).
- Styrar deltek og kan gjerne vere sekretær.
- Styrar orienterer SU om viktige saker, til dømes:
 - økonomien til barnehagen
 - budsjett
 - rutinar
 - personalsituasjon
 - foreldreundersøking
- Kva saker som skal behandlast og når, bør stå i vedtekten og årshjulet til SU.

FAU

Kva er FAU?

- Sjølv om det ikkje er eit lovbestemt organ, er det mange barnehagar som vel å opprette eit FAU.
- Foreldrerådet kan velje å ha eit FAU.
- I FAU sit det ofte representantar frå alle avdelingane ved barnehagen.
- FAU bidreg til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldreprgruppa skaper eit godt barnehagemiljø.
- Representantane i FAU har teieplikt.

Kva gjør FAU?

- FAU bør ha vedtekter for kva det skal ha ansvar for og mandat til i barnehagen.
- FAU skal fremje interessene som er felles for foreldra.
- FAU tek opp saker som foreldra melder inn, og formidlar dei vidare til SU.
- FAU kan ha møte etter ønskje og behov.

Kva gjør styrar?

- Styrar informerer foreldrerådet om barnehagen har FAU eller ikkje.
- Styrar legg til rette slik at foreldra kan velje representantar.
- Styrar informerer foreldra om vedtekten til FAU.
- Oppgåvane til barnehagen vil vere beskrivne i vedtekten.

**FAU er ikkje eit lovbestemt organ etter barnehagelova.
Det er difor ikkje alle barnehagar som har eit FAU.**



FUB anbefaler alle barnehagar å lage vedtekter for foreldrerådet og SU

Det er viktig at SU og barnehagen har eit godt samarbeid og ein god dialog ved utarbeidingsa av vedtekter. Her er eit døme på kva vedtektena kan innehalde:

FORELDRERÅDET

Alle foreldre som har barn i barnehagen, er medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og barnehagen og leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna. Det er foreldrerådet som vel representantar til SU.

SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgivande, kontakt-skapande og samordnande organ. Foreldre og tilsette i barnehagen vil vere likt representerte i utvalet. Eigar av barnehagen kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

VAL OG KONSTITUSJON

Det blir valt nytt SU på foreldremøtet når nytt barnehageår startar. SU konstituerer seg på det første møtet og vel leiar, nestleiar og sekretær.

ANSVAR

Oppgåva til SU-leiaren kan vere å:

- Ta ansvar for å lage og sende ut saksliste til SU, i tett samarbeid med styrar.
- Sitje som møteleiar.
- Halde kontakten med styrar.

Nestleiar og sekretær har som oppgåve å

1. sjå til at det blir skrive referat frå møta, og at foreldra blir gjort kjende med desse.

ROLLA TIL STYRAREN

Styrar deltek på SU-møta og har ansvar for å leggje fram viktige saker for SU. Styrar kan ha ansvar for å lage og sende ut saksliste til SU, i tett samarbeid med SU-leiaren.

KOMITEAR

Det kan bli valt eit FAU (ikkje lovbestemt) og andre underkomitear for FAU i barnehagen som jobbar med nærmare definerte oppgåver eller prosjekt.



MØTE

SU har x møte i løpet av barnehageåret. Dersom foreldra/barnehagen ser at det er behov for fleire møte, har begge partar høve til å kalle inn til dette.

OPPGÅVER

- Jobbe for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage
- Godkjenne årsplanen for barnehagen.

- 
- Arrangere temakveldar, diskusjonsmøte for foreldra om aktuelle barnehagesaker.
 - Sjå eige årshjul (FUB anbefaler alle SU å lage eit årshjul for SU-arbeidet og kva saker som skal opp når).

ØKONOMI

Styrar skal orientere SU om barnehagedrifta
(dette kan vere ei fast sak i årshjulet).

TEIEPLIKT

Føresegne §13a til 13f om teieplikt i Forvaltingslova gjeld for foreldrekontaktar og medlemar av rådsorgana til barnehagen.
(Barnehagelova § 20).



KONFLIKTAR I SU

SU skal vere eit samlande utval med fokus på kva som er best for alle barna i barnehagen. Det er viktig at det er høgde for usemje og diskusjon i SU. Dersom det oppstår konfliktar, må representantane halde seg saklege og la barna vere i sentrum. FUB anbefaler at SU set opp ein rutine for kven som skal involverast og ha ansvar i ulike konfliktar – til dømes mellom SU og styrar eller mellom medlemane i SU.

ENDRINGER AV VEDTEKTENE

Vedtekten blir gått gjennom éin gong i året. Forslag til endringar i vedtekten må sendast skriftleg til SU. Endringane blir tekne oppog vedtekne/avviste på møte i foreldrerådet.

Saker

Av og til kan det vere vanskeleg å vite om ei sak høyrer heime i foreldrerådet/SU.

Ein tommelfingerregel kan vere at dersom det berre gjeld ditt eige barn, kan du ta opp saka med pedagogisk leiar / styrar. Dersom saka er av ein meir prinsipiell karakter eller kan tenkast å gjelde fleire barn/foreldre, kan ho takast opp i foreldrerådet/ SU. Foreldra skal få informasjon frå barnehagen om aktuelle saker. Det er nyttig å sette desse sakene inn i eit årshjul, slik at SU jobbar godt og systematisk.

Her er døme på saker som kan drøftast i foreldrerådet og samarbeidsutvalet:

- Budsjett, rekneskap
- Drift
- Kvalitet i barnehagen
- Verdiar
- Brukarundersøkingar
- Bemannning
- Organisering av barnehagen
- Opningstid
- Sommarstenging
- Vikarbruk
- Psykososialt miljø
- Tryggleik i barnehagen
- Saker som gjeld dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning
- Godkjenning av årsplanen

Aktuelle saker som er spesielt nemnde i lovverket, er budsjett, drift og arealutnytting.

Tips

Tips til foreldre i SU

- Ver engasjert i fellesskapet.
- Opprett ei mappe (digitalt eller på papir), slik at de har all informasjon om SU-arbeidet samla på éin stad.
- Ta initiativ saman med barnehagen til å arrangere foreldremøte/foreldrekveld med tema som foreldra er opptekne av.
- SU-leiar bør ha ein god dialog med styrar mellom SU-møta. Avtal gjerne faste møtepunkt der de snakkar om saker som barnehagen jobbar med, og som foreldra er opptekne av.

Tips til styrar


- Ver open og lytt godt.
- Gi god informasjon om foreldrerådet og SU til foreldra, til dømes på oppstartmøtet og foreldremøte.
- Ha faste møte med SU-leiar.
- Oppmuntre foreldra til å foreslå tema dei vil skal takast opp på foreldremøte/temakveldar i barnehagen.
- Bruk foreldrerådet og SU aktivt.

Tips til barnehageeigar

- Delta på SU-møta.
- Ver informativ, lytt godt og engasjer deg.
- I kommunale barnehagar er det ofte ein politikar som representerer eigar i SU. Kommunen bør ha gode rutinar på involvering og opplæring av desse politikarane.

Tips til materiell

- FUB har laga informasjonsfilmar om SU som kan brukast på foreldremøte.
- FUB har også laga ein opplæringsfilm til SU som kan brukast på SU-møte.



Foreldreutvalet
for barnehagar

Foreldreråd og samarbeidsutval i barnehage

Foreldreutvalet for barnehagar

© 2021

foreldreutvalgene.no

post@fubhg.no

Tlf: 477 99 200

